



Anlegget ved Skorpo blir flytt litt utover i fjorden samstundes som biomassetaket blir utvida.

**Den langdryge handsaminga av søknaden til Sjøtroll Havbruk (Bekkjarvik) om flytting og utviding av oppdrettsanlegget utanfor Skorpo er no over.**

Fiskeridirektoratet, Region Vest, har gjeve løve til "å justere og utvide anlegg for produksjon at matfisk av laks, aure og regnbogeaure på lokaliteten Skorpo med eit biomassetak på 3.120 tonn"

Taket for anlegget utanfor Skorpo var før 1.560 tonn, men no blir anlegget ved Eidsvikøy sletta. Samstundes blir anlegget ved Skorpo flytt litt utover i fjorden.

Det blir sett ei lang rekkje vilkår for konsesjonen, mellom anna at mistanke om rømming av fisk så snart som råd skal rapporterast til Fiskeridirektoeret Region Vest. Det må også meldast frå om kva for tiltak som er og vil bli sett i verk for eigen gjenfangst av fisken. Konsesjonseigar må gjera sitt til at anlegget skal vera så rømningssikkert som mogeleg.

Sjøtroll Havbruk driv oppdrett fem stader i Austevoll kommune, men etter det siste løyvet driv dei berre ein stad i Kvinnherad.

Av Ola Matti Mathisen